



Alkoholpolitiske retningslinjer
for kommunane i Setesdal –
Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle
2020 – 2023

Vedtatt i kommunestyret i Evje og Hornnes kommune 21.11.2019 K-styresak nr. 78/2019.

Vedtatt i kommunestyret i Bykle kommune 05.12.2019 K-styresak nr.285 /2019

Vedtatt i kommunestyret i Bygland kommune 11.12.2019 K-styresak nr. 114/19

Vedtatt i kommunestyret i Valle kommune 18.12.2019 K-styresak nr. 93/2019

Innholdsregister

1. Innleiing	3
2. Lovgrunnlag	3
2.1 Definisjonar	3
3. Målsetting	4
3.1 Målsetting i alkohollova	4
3.2 Kommunal målsetjing	4
4. Retningslinjer for løyvepolitikken i Setesdal	5
4.1 Generelle retningslinjer	5
4.2 Tilverking	5
4.3 Løyveperioden	6
4.4 Vandelskravet	6
4.5 Tildeling og fornying	6
4.6 Internkontroll	6
4.7 Retningslinjer og vilkår for sal- og skjenkeløyve	7
4.7.1 Salsløyve	7
4.7.2 Skjenkeløyve	7
4.7.3 Felles for sal- og skjenkeløyve	7
4.7.4 Det kan gjevast skjenkeløyve til	7
5. Sals- og skjenketider i Setesdal	9
5.1 Typar løyve	9
5.2 Salstid	9
5.3 Skjenketid	9
6. Kontroll med sals- og skjenkeløyve	9
7. Retningslinjer for sanksjon ved brot på regelverket	10
7.1 Generelt	10
7.2 Brot på regelverket	10
7.3 Reaksjonsmønster	11
8. Gebyr	11
9. Delegering	11
Relevante forskrifter, lovar og anna:	12

1. Innleiing

Alkoholpolitiske retningslinjer er ein del av den heilskaplege interkommunale rusmiddelpolitiske handlingsplanen for Setesdal. Planen gjeld for 4 år, frå 2020 til 2023. Alkohollova tilrår at planen vert vedteken av kvart nytt kommunestyre.

Alkoholpolitiske retningslinjer for Setesdal skal gje rammer for handsaming av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Alkoholpolitiske retningslinjer for Setesdal er utarbeidd i samarbeid med sal- og skjenkeansvarlege i dei fire kommunane.

Alkohollova set nokre rammer for alkoholpolitikken til kommunane gjennom regulatoriske virkemiddel, men kommunane har fridom til, og ansvar for å utforme alkoholpolitikken lokalt (Meld.St.30, 2011-2012). Dei samfunnsmessige kostnadane som følgjer av alkoholbruk er store. Rapportar som føreligg estimerer kostnadane til ca. 22 milliardar årleg. Då er kostnadar for helse- og sosialvesenet, for arbeidslivet, tap i form av vald og ulukker samt kriminalitet medrekna. Dette viser at det i alkohollova er fleire kryssande omsyn som ein skal ivareta. På den eine sida er alkohol ei lovleg vare som styremaktene ønskjer at skal vere tilgjengeleg, og på den andre sida ynskjer ein å redusere dei sosiale og helsemessige skader som alkohol førar med seg. Det er arbeidsplassar og inntekt knytt til sal og skjenking av alkohol, samstundes som alkohol kan påføre samfunnet og det einskilde menneske stor lidning.

I april 2019 la regjeringa fram ny folkehelsemelding – «Gode liv i eit trygt samfunn» (Meld.St.19 (2018-2019)). I meldinga vert det lagt føringar for både nasjonal alkoholstrategi, nasjonal tobaksstrategi og systematisk folkehelsearbeid i kommunane. Denne folkehelsemeldinga vil ha betydning for kommunane sitt alkoholpolitiske arbeid i åra framover.

2. Lovgrunnlag

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v (alkohollova) av 02.06.1989 nr. 27
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 08.06.2005 nr. 538

Andre relaterte lover:

- Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven) av 13.06.1997 nr. 55
- Lov om vern mot tobakksskader (tobakksskadeloven) av 09.03.73 nr. 14
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr. 29

2.1 Definisjonar

Alkoholhaldig drikk vert brukt som fellesnemning på drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersgrense i regelverk i alkohollova § 1-5 også skal gjelde på drikk mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.

Med brennevin forstås ein drikk som inneheld destilert alkohol ublanda eller i blanding med andre produkt. All drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller meir, vert rekna som brennevin.

Alkoholfri drikk:

Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol

Alkoholsvak drikk:

Drikk som inneheld mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk:

- Gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol.
- Gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

Skjenking:

Sal av alkoholhaldig drikk for konsum på staden.

Sal:

Utlevering av alkoholhaldig drikk for konsum ein annan stad.

Skjenkestad:

Verksemd som har løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk.

Utsalsstad:

Verksemd som har løyve til å selje alkoholhaldig drikk.

Ambulerande skjenkeløyve: Eingongsløyve knytt til skjenking av alkoholhaldig drikk til eit bestemt høve/arrangement i eit slutta selskap (inviterte gjester/lukka arrangement).

Skjenkeløyve for bestemt anledning:

Eingongsløyve knytt til eit bestemt høve/arrangement der folket har tilgang til skjenkestaden (opent arrangement)

Kunnskapsprøve om alkohollova

Kunnskapsprøva er obligatorisk for styrar og vikar for styrar ved tildeling av fast skjenkeløyve. Prøva må vere avlagt og bestått før søknad om skjenke- eller salsløyve vert handsama.

Ansvarleg vertskap

Eit e-læringskurs med avsluttande prøve som gjennom film av aktuelle situasjonar er med å auke kunnskapen.

3. Målsetting

3.1 Målsetting i alkohollova

I samsvar med målsetting i alkohollova skal kommunane arbeide for å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan føre til. Forsking syner at auke i alkoholbruk fører til større skadeverknader; mindre alkoholbruk reduserer skadeverknadane. Den lokale alkoholpolitikken i Setesdal kan då vere eit styringsreiskap for å minke skadeverknaden ved alkoholbruk mest mogleg.

3.2 Kommunal målsetjing

Kommunane i Setesdal vil at lokal alkoholpolitikk skal medverke til at omsetnad av alkohol skjer på forsvarleg vis og innanfor dei rammer som lovverket set. God kontroll med sals- og skjenkestadar skal sikre at lov og regelverk vert fylgd. Kommunane i Setesdal vil arbeide for å oppfylle hovudintensjonen i alkohollova ved å redusere skadeverknaden av alkohol gjennom å redusere alkoholbruken. Dei alkoholpolitiske retningslinene skal reflektere dei mål og verdiar som er vedtatt i interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan. Sjå spesielt kapittel 3 og alkoholpolitiske tiltak i kapittel 4.

4. Retningslinjer for løyvepolitikken i Setesdal

4.1 Generelle retningslinjer

Kommunane kan tildele to slags løyve:

- Salsløyve.
- Skjenkeløyve
 - alminneleg
 - for ein bestemt del av året eller for eit enkel høve
 - ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap

Kommunane kan fastsetje aldersgrense for å kome inn på enkelte skjenkestadar. Innføring av aldersgrense på einskilde arrangement blir vurdert individuelt, og kan setjast som vilkår for skjenkeløyve. På stadar der driftskonseptet kan vere forskjellig på dag og kveldstid, kan det vere aktuelt å innføre aldersgrense bare om kvelden. Kommunane vil ikkje setje "tak" på sals- eller skjenkeløyve. Det gjeld også ambulerande skjenkeløyve.

Ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap vert tildelt privatpersonar. Det vil sei søkjarar utan alminneleg løyve. Det kan gjevast løyve for gruppe 1, 2 og 3. Selskapet må vere lukka. Ambulerande løyve må søkjast dersom ein ynskjer å servere alkoholhaldig drikk mot betaling i eit slutta selskap. Ein treng ikkje ambulerande skjenkeløyve om ein har eit privat arrangement og gjestene har med seg alkoholhaldig drikk eller ein serverer alkoholhaldig drikk utan betaling.

Skjenkeløyve for eit enkelt høve (opne arrangement) må knyte seg til ei bestemt hending, og det må tildelast særskilt løyve for kvart enkelt arrangement. Då det her er tale om opne arrangement, er kommunane restriktive overfor enkeltpersonar som søkarar, då desse ikkje har røynsle med skjenking. Søkarar med alminneleg løyve frå før, eller som har røynsle frå utøving av alminneleg løyve føretrekkast. Det kan gjevast løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3. Ved større opne arrangement er kommunane likevel restriktive med å gje løyve for gruppe 3. Ansvarleg person ved alle ambulerande skjenkeløyver skal vere minimum 20 år og erklære seg kjent med gjeldande regelverk.

Ved arrangement som er opne for publikum bør ein hente inn godkjenning frå politiet av trafikale tilhøve, vakthald og arealavgrensing, før søknaden vert handsama.

4.2 Tilverking

Tilverking av alkoholhaldig drikk vil seie all produksjon av drikk som inneheld meir en 2,5 volumprosent alkohol. Det må søkjast om statleg tilverkingsløyve dersom det er aktuelt med vidaresal av alkohol som vert produsert for restaurantar, butikkar, vinmonopol eller liknande.

Det kan søkjast om:

Kommunal salsløyve med rett til tilverking for sal i eiga verksemd, jmf. Alkoholova § 3-1

Kommunal skjenkeløyve med rett til tilverking for skjenking i eiga verksemd, jmf. Alkoholova § 4-2

Det er eit vilkår at tilverkinga er ein del av serveringsstaden sitt samla tilbod og karakter og fremmer lokale tradisjonar, turisme og næringsutvikling generelt. Ein kan ikkje gje slikt løyve for alkohol over 22 volumprosent. Alkoholpolitiske retningslinjer for sal og/ eller skjenkeløyve gjeld.

Løyvehavar må kontakte tollvesenet og mattilsynet for registrering, før tilverking vert starta opp.

4.3 Løyveperioden

Løyveperioden gjeld normalt for 4 år om gongen med opphøyr 30. september året etter byrjing av ein ny kommunestyreperiode.

4.4 Vandelskravet

Sal- og skjenkeløyve kan bli nekta på grunnlag av negativ uttale frå politiet når høvet knyter seg til alkohollova, eller anna lovgjeving som knyter seg til formålet i alkohollova. Negativ uttale omandel i høve til skatte- og avgiftslovgjevinga kan også gje grunnlag for å nekte løyve.

Fylgjande hovudretningsliner skal ein legge til grunn ved handsaming av brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga i løyveperioden og søknader om nye skjenke-/salsløyver:

- Ved uteståande på inntil kr. 5000,- utan godkjent betalingsavtale så vurderer ein dette som eit så lite beløp at andel kan bli godkjend, og at det ikkje gjev grunnlag for reaksjon i løyveperioden.
- Ved uteståande på inntil kr. 50 000,- der godkjent betalingsavtale føreligg, så kan andel bli godkjend, og at det ikkje gjev grunnlag for reaksjon i løyveperioden.
- Ved misleghald av betalingsavtale i løyveperioden og uteståande over kr. 5000,- utan betalingsavtale i løyveperioden, så vert løyve inndrege inntil uteståande beløp er betalt.
- Nye løyver skal ikkje gjevast dersom vandelskravet ikkje er oppfylt i form av at verksemda har uteståande, eller at det ikkje føreligg godkjent og etterlevd betalingsavtale, eller at det føreligg graverande brot på anna lovgjeving som har samanheng med alkohollovas føremål.

Ein syner elles til alkohollova § 1-7 b.

4.5 Tildeling og fornying

Ved tildeling og fornying skal det leggjast vekt på om søkjar er eigna til å ha sals- og skjenkeløyve, og om han/ho oppfyller krava i alkohollova § 1-7 c som mellom anna omhandlar alder og krav om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Søknad om sals- eller skjenkeløyve skal innehalde/leggjast ved følgjande:

- firmaattest
- skatteattest
- teikningar av lokale
- konseptskildring
- Beskriving av system for internkontroll
- bevis for bestått kunnskapsprøve i alkohollova for styrar og vikar for styrar
- bevis for etablerer prøve for styrar ved serveringsstad

4.6 Internkontroll

Innehavar av sals- og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jamfør forskrift til alkohollova kapittel 8. Ein kan gjere unntak for løyve i eit enkelt høve når det vil virke urimeleg, mellom anna ut frå storleiken på arrangementet. Det er viktig med internkontroll ved store og uoversiktlege arrangement som festivalar etc. Det er ikkje krav til internkontroll ved ambulerande skjenkeløyve. Kommunane vil ved behov gje råd og rettleiing til løyvehavar i arbeidet med å utforme eit internkontroll system.

Internkontrollsystemet må tilpassast verksemda sin storleik m.m. jfr rettleiar frå Sosial- og helsedirektoratet.

Uansett storleik på verksemda så må desse dokumenta vere tilgjengelege for tilsette:

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta
- Kommunens løyvevedtak
- Kommunale retningsliner (alkoholpolitiske retningsliner)
- Rundskriv – Informasjon om kvar ein finn digital handbok

4.7 Retningsliner og vilkår for sal- og skjenkeløyve

4.7.1 Salsløyve

Daglegvarebutikkar som har eit fullverdig, variert og tilfredsstillande tilbod av daglegvarer kan få salsløyve for alkoholhaldig drikke inntil 4.7 volumprosent alkohol.

4.7.2 Skjenkeløyve

For å kunne få skjenkeløyve må det føreligge serveringsløyve.

4.7.3 Felles for sal- og skjenkeløyve

For kvart løyve skal det utpeikast ein styrar og vikar for styrar, der begge skal godkjennast av kommunen. Styrar og vikar for styrar må vere tilsett på sal/skjenkestaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. For begge er det krav om bestått kunnskapsprøve i alkohollova. Det er ikkje krav til kunnskapsprøve for ambulerande skjenkeløyve eller løyve for eit enkelt høve. Kommunen har ansvar for gjennomføring av kunnskapsprøva i alkohollova i samsvar med retningsliner for slike prøver, jamfør forskrifta kapittel 5.

Kommunane vil utarbeide standardiserte søknadsskjema for søknad om sal- og skjenkeløyve i tråd med reglane i alkohollova og forskrifta. Løyvehavar må alltid fylgje lova og forskriftene i tillegg til kommunale retningsliner.

Sal- og skjenkestaden har plikt til å delta på orienteringsopplegg som kommunane arrangerer. Dette er eit vilkår for både sal- og skjenkeløyve.

4.7.4 Det kan gjevast skjenkeløyve til

a. Pub/bar og diskotek

Dette er skjenkestadar der alkoholserving vil utgjere hovudtilbodet. Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

b. Restaurantar

Med dette meiner ein serveringsstadar som har kjøkken og lager eigen mat med eit variert og tilfredsstillande tilbod og med servering ved borda. Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

c. Hotell/motell og fjellstover

Det kan gjevast skjenkeløyve til hotellet/motellet sine gjester på overnattingsstadar som har tilfredsstillande standar (minibar servering) jamfør forskrifta § 4-8. Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast. Avgrensing i opningstida gjeld ikkje.

d. Kafear

Med kafear meiner ein serveringsstadar med eige kjøkken med eit variert og tilfredsstillande mattilbod. Øl og vinløyve kan gjevast. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til gatekjøkken. Med gatekjøkken meiner ein serveringsstad der tilbodet er enkle matrettar av heil- eller halvfabrikat.

e. Utandørs servering

Det kan i utgangspunktet bare gjevast skjenkeløyve til utandørs servering i direkte tilknytning til restaurant/serveringsstad av mat (terrasse servering). Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast. Utandørs servering skal skje på tydeleg fysisk avgrensa område. Utandørs servering må ikkje vere til sjenanse for omgivnaden eller fare for at det skjer uhell (til dømes trafikk). Det skal føreligge uttale frå politiet før skjenkeløyve knytt til utandørs servering vert gjeve.

f. Alpinanlegg

Det kan opnast for skjenkeløyve i alpinanlegg for gruppe 1, 2 og 3. Avgrensing i høve til kap. 4.7.4h.

g. Nettsal

Det kan gjevast løyve til sal av alkoholhaldig drikk på nett. Det må gå fram av løyvesøknaden om varene skal utleverast frå eit bestemt lokale eller om det skal skje ved utkøyring.

Søknad om løyve må skje til kommunen der verksemda er lokalisert/lokalet ligg. I tillegg må det søkjast om kommunalt løyve i alle kommunar der det skal utleverast alkoholhaldig drikk.

Utlevering av alkoholhaldig drikk må

- skje innanfor gjeldande salstider i kommunen
- bare skje til personar som er 18 år eller eldre
- ikkje skje til personer som tydeleg er påverka av rusmiddel

h. Avgrensing i høve til å få skjenkeløyve

- Det vert som hovudregel ikkje gjeve skjenkeløyve til idrettsarrangement.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement der barn og unge er målgruppe.
- Skjenkeløyve i lokale som idrettshall, idrettsanlegg og offentleg forsamlingshus kan gjevast etter ei konkret vurdering i enkelthøve. Det kan bare gjevast løyve til skjenking av øl og vin til verksemder med alminneleg skjenkeløyve.
For Valle kommune: Idrottshallen i Valle kan ikkje nyttast til arrangement der det vert servert alkohol fordi dette er ein svært ueigna plass til dette føremålet (K-styresak nr.11/16).
- Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 3 i same lokale som det er sett aldersgrense 18 år for gruppe 1 og gruppe 2 – Eit lokale kan ikkje delast opp med den hensikt å servere alkoholhaldig drikk for begge aldersgruppene, sjølv om dette skjer kvar for seg.
- Kommunane skal vere tilbakehalden med å gje skjenkeløyve til skjenkestader som er lokalisert i nærleiken av skule, leikeplass, ungdomsklubb eller andre stader der barn og unge samlast. Viss det er aktuelt å gje slik, skal det særleg vurderast å gje skjenkeløyve til tider der barn og unge ikkje er samla.

i. Skjenkelokal m.m.

Ved tildeling av løyve skal skjenkelokalet si målgruppe, storleiken på lokalet, trafikktilhøve, ordensmessige problem, høve til å føre kontroll og omsyn til lokalmiljøet bli lagt vekt på. Ved tildeling av ambulerande løyve/løyve til enkeltarrangement skal ein fylgje dei same reglane som for fast løyve. Elles syner ein til reglane for tildeling av skjenkeløyve i alkohollova kapittel 4.

5. Sals- og skjenketider i Setesdal

5.1 Typar løyve

- Over 2,5 % og høgast 4,7 % (gruppe 1)
- Over 4,7 % og mindre enn 22 % (gruppe 2)
- Mellom 22 % og 60 % (gruppe 3)

5.2 Salstid

Sal og utlevering av drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol kan bare skje mellom kl. 08.00 og kl. 20:00 på kvardagar. Laurdagar og dagar før heilagdagar må salet stengjast kl. 18:00. Det er ikkje høve til sal av alkoholhaldig drikk som nemnt ovanfor på sun- og heilagdagar, 1. og 17. mai. Syner elles til alkohollova § 3-7.

5.3 Skjenketid

a. Skjenking av drikk **under** 22 volumprosent alkohol (gruppe 1 og gruppe 2):

- Kvardagar, sun- og heilagdagar og offentlege høgtidsdagar kl. 08:00- 02:00.

b. Skjenking av drikk **over** 22 volumprosent alkohol (gruppe 3):

- Kvardagar, sun- og heilagdagar og offentlege høgtidsdagar kl.13.00- 02:00.

Konsum av skjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Kommunane vil som utgangspunkt ikkje gje skjenkeløyve utover den tida som går fram av punkt a og b ovafor. Det må heilt spesielle grunnar til for å fråvike dette prinsipp for eit enkelt høve. Syner til alkohollova § 4-4.

c. Alle søkarar får i utgangspunktet same skjenketid, men det kan differensierast ved behov for kortare skjenketid. Her syner ein spesielt til det siste punktet under avgrensing i høve til å få skjenkeløyve.

6. Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Etter alkohollova § 1- 9 har kommunen ansvar for kontroll med sals- og skjenkestadar som ligg i kommunen.

- Kontroll av sals- og skjenkestadar skal utførast av engasjerte kontrollørar.
- Det skal gjennomførast **minimum** tre gonger så mange kontrollar per år som det er løyver, og kontrollen skal særleg leggje vekt på sals- og skjenketider, aldersgrensereglar og at det ikkje blir selt eller skjenka alkohol til personar som er openbart påverka av rusmidlar.
- Kontrollørane skal så langt det er mogeleg leggje kontrollen til tider når det er store arrangement. Den som tildel løyve skal gje kontrolløren beskjed om store arrangement, og skal vurdere om det er trong for ekstra kontroll.
- Kontrolløren skal også kontrollere føring av internkontroll etter forskrift til alkohollova kapittel 8.
- Det skal gjennomførast røykekontroll etter tobakksskadelova § 25 samstundes som skjenkekontroll vert gjennomført. I tilfelle ansvaret ikkje er delegert, så er kommunestyret ansvarleg for å føre tilsyn med at reglane i tobakksskadelova § 25 blir overhalde; jamfør tobakksskadelova § 29.
- Kontrolløren sender rapport til kommunen etter kvar kontroll. Kontrollen fylgjer elles av forskrift til alkohollova kapittel 9.

7. Retningslinjer for sanksjon ved brot på regelverket

7.1 Generelt

Etter forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk skal brot på regelverket sanksjonerast ved bruk av prikktildelingsystem. Avgjersle om prikktildeling og inndraging i § 10-2 til § 10-6, gjeld der kontroll er gjennomført etter kapittel 9 i denne forskrifta, eller rapport frå andre organ avdekker at innehavar av kommunal sals- eller skjenkeløyve ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, føresegner gitt i medhald av alkohollova, føresegner i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollovas føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i vedtak om løyve.

Reglane tydeliggjer kommunen sitt ansvar for å reagere ved brot på vilkåra for løyve. Dei skal sikre lik handsaming av løyvehavar, gje meir effektiv oppfølging av regelbrot og gjere sakshandsaminga enklare. Forskrifta gjev lite rom for skjønn, og brot vert straffa med prikktildeling etter kap. 7.2 i retningslinene.

7.2 Brot på regelverket

Brot på regelverket regulerast i forskriftas kap. 10.

a. Følgjande brot fører til tildeling av 8 prikkar:

- Sal og skjenking til personar under 18 år jf. alkohollova § 1-5.
- Brot på bistandsplikta, jf. § 4-1 i forskrifta.
- Brot på krav om forsvarleg drift, jf. alkohollova § 3-9 og § 4-7.
- Hindring av kommunal kontroll, jf. alkohollova § 1-9.

b. Følgjande brot fører til tildeling av 4 prikkar:

- Sal og skjenking til person som er openbart påverka av rusmiddel jf. § 3-1 Og § 4-2 i forskrifta.
- Brot på sal og skjenketida, jf. alkohollova § 3-7 og § 4-4.
- Skjenking av brennevin til personar mellom 18-20 år, jf. alkohollova § 1-5.
- Brot på alderskravet til den som seljer/skjenker, jf. alkohollova § 1-5.

c. Følgjande brot fører til tildeling av 2 prikkar:

- Personar som er openbart påverka av rusmiddel gis tilgang til lokalet, eller løyvehavar ikkje sørgjer for at personer som er openbart påverka av rusmiddel forlèt staden, jf. § 4-1 i forskrifta
- Manglar ved internkontroll, jamfør forskrifta kap. 8
- Manglande levering av omsettingsoppgåve innan fristen til kommunen, jf. kapittel 6 i forskrifta
- Manglande innbetaling av løyvegebyr innan fristen til kommunen jf. kapittel 6 i forskrifta
- Brot på krav om styrar og assisterande, jf. alkohollova § 1-7c
- Gjenteke narkotikaomsetning og/eller diskriminering på skjenkestaden, jf. alkohollova § 1-8

d. Følgjande brot fører til tildeling av 1 prikk:

- Manglande alkoholfrie alternativ jf. § 4-6 i forskrifta
- Brot på regler om skjenkemengde jf. § 4-5 i forskrifta
- Gjester nyt alkoholholdig drikk som dei har med seg, eller tar med seg alkoholholdig drikk når dei forlèt skjenkestaden jf. § 4-4 i forskrifta
- Brot på kravet om plassering av alkohol jf. § 3-3 i forskrifta
- Brot på vilkår i vedtak om løyve, jf. alkohollova § 3-2 og § 4-3

- Brot på reklameforbodet jf. alkoholova § 9-2, jf. kapittel 14 i forskrifta
- Andre lovbrøt som vert omfatta av alkoholova § 1-8 første ledd, jf. Mellom anna alkoholova § 3-1 sjetten ledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

7.3 Reaksjonsmønster

Der det føreligg grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jf. forvaltningslova § 16. Prikktildelinga kan klagas inn for Fylkesmannen.

Ved tildeling av 12 prikkar i ein periode på 2 år, skal løyve bli inndradd for eit tidsrom på ei veke. Ved tildeling av fleir enn 12 prikkar skal lengda på inndraginga aukas tilsvarande. Forelding gjeld frå det tidspunkt brotet som førte til prikkane fant sted.

Kommunestyret kan ved svært skjerpande tilhøve auke lengda på inndraginga. I dei mest alvorlege tilfelle for resten av løyveperioden jf. 10-4 i forskrifta.

Kommunestyret, eller den kommunestyret gjev slik myndighet til, fattar enkeltvedtak om inndraging av løyve på grunnlag av tildeling av prikkar. Kommunen bør setja i verk vedtak om inndraging innan fire veker etter dato for vedtak jf. §10-6 i forskrifta.

8. Gebyr

For løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, skal det betalast eit gebyr som fastsettast i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Gebyrsatsen er fastsett i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2, 1. ledd. Gebyret betalast årleg.

Gebyret for skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal fastsettast etter forventa omsett mengde alkohol. Gebyrsatsen er fastsett i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2, 2. ledd. Gebyret betalast årleg.

Gebyr for behandling av ambulerande løyve skal innbetalast på førehand. Gebyrsatsen er fastsett i føresegn om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 6-2, 3. ledd.

Gebyr for behandling av enkeltløyve skal innbetalast på førehand og vert vedtekne kvart år i den kommunale prislista.

Omsetningsoppgåve som syner mengde på omsett alkohol for føregåande år skal vere kommunen i hende seinast 1. april året etter.

Sals- og skjenkegebyret går til å dekke kommunen sine kostnader til kontroll med sals- og skjenkestadene, Ansvarleg vertskapskurs og liknande.

9. Delegering

Det vil vere opp til den einskilde kommune og avgjere korleis ein delegerer dei ulike vedtak innanfor alkoholova.

Relevante forskrifter, lovar og anna:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholova)
http://lovdata.no/cgi-wift/wiftldes?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-19890602-027.html&emne=ALKOHOLLOV*&
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.(alkoholforskriften)
<http://www.lovdata.no/for/sf/ho/xo-20050608-0538.html#map008>
- Rundskriv alkoholloven med kommentarer Helsedirektoratet.
<https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/alkoholloven>
- *Rundskriv alkoholforskriften med kommentarer. Helsedirektoratet.*
<https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/alkoholforskriften-med-kommentarer>
- IS-2038: Veileder i salgs- og skjenkekontroll, 2012:
- <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-i-salgs-og-skjenkekontroll>
- Stortingsmelding nr. 30 (2011 – 2012) Se meg! En helhetlig alkoholpolitikk alkohol – narkotika – doping, 2011-2012
- <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/2011-2012/meld-st-30-20112012.html?id=686014>
- Stortingsmelding nr. 19 (2018 – 2019) – *Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn*
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/>
- Kommunens forvaltning av alkoholloven
- <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/forebyggende-tiltak/salgs--og-skjenkebevillinger-kommunenes-forvaltning-av-alkoholloven/>
- Kontroll og inndragning av salgs og skjenkebevilling – prikktildelingssystem
- <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/alkohol/kontroll-og-inndragning-av-salgs-og-skjenkebevilling-prikktildelingssystem>
- Ansvarlig alkoholhåndtering (AAH) - For planlegging av folkehelse- og rusarbeid i kommunene
- <http://www.kommunetorget.no/Temaomrader/Ansvarlig-alkoholhandtering/>
- Alkohol i Norge - Folkehelseinstituttet
- <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/>
- Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon - Alkoholrelatert sykefravær
- <https://www.rusfeltet.no/nye-tall-om-alkoholrelatert-sykefravaer/#.XJClvZFxaQ>
- Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven)
- <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55?q=serveringsloven>
- Lov om vern mot tobakkskader (tobakkskadeloven)
[Lov om vern mot tobakkskader \(tobakkskadeloven\) - Lovdata](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55?q=serveringsloven)